



Tilstandsrapport for barneverntenesta 2025

Utval

Hovudutval helse og omsorg

Formannskapet

Kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek «Tilstandsrapport for Sveio barnevern 2025» til orientering

Saksframlegg

Samandrag

Sjå vedlagt rapport

Bakgrunn for saka

Frå 01.01.2021 vart det lovbestemt at kommunestyret minst ein gong i året skal få ei utgreiing om tilstanden i barneverntenesta (bvl § 2-1 nytt åttende ledd). Føremålet med ein tilstandsrapport er å gje kommunestyret betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunane.

Saks- og faktaopplysningar

Det er kommunen si øvste politiske og administrative leiing som har det overordna ansvar for at barneverntenesta vert forvalta i tråd med gjeldande regelverk og at tenesta er forsvarleg. Årleg tilstandsrapport om barnevernet vil bidra til å sikre jamleg informasjon til kommunen si administrative og politiske leiing, samt til brukarane og befolkninga generelt. Tilstandsrapporten inneheld data i hovudsak for 2025 der dei er klare og utviklingsmål for barneverntenesta.

Innkomne merknadar

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål

Økonomiske konsekvensar : Ikkje aktuelt

Beredskap : Ikkje aktuelt

Vurdering

Barnevernreforma gjeldande frå 01.01.22 vil kunne gje kommunane store økonomiske variasjonar. Bortfall av refusjonar for statlege tiltak vil særleg kunne gje mindre kommunear utfordringar med å budsjettere for desse variasjonane. Den årlege tilstandsrapporten vil gje kommunestyret jamnleg informasjon som grunnlag for å følgje med utviklinga av barneverntenesta.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen vurderar at «Tilstandsrapport Sveio barnevern 2025» gir eit heilskapleg bilete av organisering, kvalitet og drift av barneverntenesta som grunnlag for prioriteringar og kontroll av tenesta.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.